

Vestland fylkeskommune
post@vlfk.no

Referanse 2020/41328
Regional plan for innovasjon og næringsutvikling - Planprogram
Uttale frå Hardangerrådet.

Hardangerrådet har vedteke slik uttale til Regional plan for innovasjon og næringsutvikling - Planprogram:

Uttalen tek utgangspunkt i planprogrammet sine 4 plantema:

1. Omstilling og fornying

Me vil vidareutvikla det me er gode på (og har ressursane til).

Til smart spesialisering, fyrste stikkord: Betre utnytting av kraftressursane våre er det viktigaste momentet. Det er overskot, og kraftverka kan effektiviserast. Me har kraftressursane i indre strok! Denne krafta let seg vidareforedla til nye energiberarar. Hydrogen er halde fram med eigen temaplan. Det er veldig rett og veldig viktig.

Vind er omstridd, etter vårt syn ofte med rette. I staden for utbygging av vindkraft i sårbare kyst- og fjellandskap bør me satsa på effektivisering av eksisterande vasskraft, og kartleggja moglegheitene for nye skånsame utbyggingar i ein eigen energiplan.

Reiseliv. "Koronasommaren" viser potensialet for natur- og kulturbasert reiseliv. Her har me ei stor oppside i auka marknadsføring innanlands. Dei næraste åra er det grunn til å tru at straumen av utanlandsturistar vil vera mindre enn før. Blant nordmenn: Vestlandske fjordar, fjell og byar står høgt på lista over attraktive reisemål. Naturbasert reiseliv står ganske sterkt, men i Vestland utanom Bergen er det mykje å gå på når det gjeld å synleggjera t.d kulturhistorie (arkeologiske funn, lokalhistorie, kunstnarar og kunsthistorie) og lokal matkultur.

Lokal bruk av kraft vil kunne generera ny næringsutvikling i vårt område. Å effektivisera vasskraftproduksjonen vil vera viktig bidrag for grøn omstilling.

2. Bergen som motor

Bergen si tyngdekraft er sterkare di nærare ein kjem. Og mindre di lenger frå sentrum ein kjem. Motorkrafta til Bergen vert for store delar av fylket hindra av dårleg vegstandard. Skal Bergen vera den motoren som Bergen bør vera for heile Vestland (ikkje berre det folkerike omlandet) må kontakten mellom omland og sentrum styrkjast, både nordover, sørover og austover. Det inneber at dei regionale distriktssentra må styrkjast, og viktigast: veksambandet mellom dei regionale sentra og Bergen må bli langt betre. Dette betrar framkome for person- og nyttetransport. Her er viktig å vera klar over at betre vegar også er ein føresetnad for at fleire nyttar kollektivtransport. For oss i indre strok av Vestland er det avgjerande å betra sambanda aust-vest. Store prosjekt som fullføring av E16 mellom Arna og Voss og E134 arm til Bergen ligg for langt fram i tid.

E16-arbeida må startast snarast råd.

Noverande strekkjer mellom Røldal og Bergen må rassikrast og innkortast.

RV 13 gjennom indre Hardanger er så smal og rasutsett at den er til hinder for næringsliv og arbeidsliv i regionen. Her krevst utbetring.

Det må også rettast fokus på alternative vegar austover. Slik det no er, er E16 så ulukkes- og rasutsett at trafikken ofte må gå andre vegar. Sikrere og kortare omkøyringsveg for E16 gjennom Hardanger vil korta avstanden til Odda/Ullensvang, og sikrar aust-vest-trafikken for E16, men også for Rv7 over Hardangervidda og E134 over Haukeli.

3. Innovative samfunn

Industriell innovasjon krev tilgang på ressursar og kompetansemiljø. Motsett frå situasjonen i andre delar av fylket, så har Hardanger både kraft og sterke eksisterande industrimiljø. Det same gjeld område i Indre Sogn og indre delar av Sunnhordland. Dei viktigaste føresetnadene for innovasjon og utvikling er i høg grad til stades her, og kan utnyttast raskt.

Me vil igjen nemna paradokset som ligg i at regionar i Noreg med høg industri- og kraftproduksjon (og dermed høg verdiskaping) også er dei med den svakaste digitale og fysiske infrastrukturen. Rassikring, vegutbetring og vidareutbygging av fiber er viktige og avgjerande føresetnader for vidare utvikling.

Det er bra at strategi for datasenter og digital infrastruktur er peikt ut som eige temaplanområde. Vil be om at det i temaplanen vert spesielt fokusert på distrikta som soknar til prosessindustrien, betre digital infrastruktur er ein viktig føresetnad for knoppskyting i områda i Indre Vestland.

4. Arealbruk

Her er det viktig med Vestland fylkeskommune som medspelar. At gode prosjekt ikkje får rekkjefylgjekrav som i realiteten hindrar tiltaka.

Temaplanar:

Det er svært positivt og viktig at Hydrogenstrategi er blinka ut som eigen temaplan. Lokal produksjon av ein klimavenleg energiberar som hydrogen er løfterik. Me er velsigna med mykje vatn og bratte fjell, og me har utnytta det til industrireising. No planlegg EU storsatsing på hydrogen. Me i Noreg og Vestland har no alle føresetnader for å få ein ny runde med industrireising – der den reine krafta vår vert foredla og konsentrert, og eksportert som hydrogen. Dette er ein vinn – vinn – vinn - situasjon:

Det er innovasjon, det er arbeidsplassar, det er lønsam distriktspolitikk, det betrar handelsbalansen, og det bidreg til reduserte klimagassutslepp globalt.

Den store vasskraftbaserte industrisatsinga enda på 60-talet med etableringa av aluminiumsverket på Husnes. Spelar nasjonen og fylket korta sine rett kan me stå framfor ei andre industrireising. Det vil vera ille om andre land med dårlegare naturgjevne føresetnader får eit forsprang på oss.

Reiseliv er nemnt som eit eige temaplanområde. I lys av korona: Her er viktig å løfta fram potensialet i innanlandsmarknaden, i tillegg til ein plan for kulturbasert reiseliv.

Reiselivsplanar bør i tillegg ta opp i seg at svært mange no nyttar mobiltelefonen som reiseguide. Fysiske turistinformasjonar er vel og bra, men ein bør ha ein strategi for korleis ein skal tilby og marknadsføra Vestland digitalt.

Landbruk er også blinka ut som eigen temaplan. Det er viktig at fokus blir på matproduksjon og ringverknader meir enn på kulturlandskap og verknaden det har for reiselivet. Lokal matproduksjon med lite bruk av antibiotika kan visa seg å vera viktigare i framtida enn det har vore til no. Det synest t.d vera ein klår samanheng mellom dødelegheit ved korona og antibiotikaresistens.

Det meste er elles samla i eigne komande temaplanar eller eksisterande planar. Vi etterlyser likevel temaplanar og sterkare fokus på:

- Industri, potensial for vekst, utvikling av ny industri og knoppskyting
- Havbruk, særskilt landbasert havbruk Viktig å sikra tilgjengeleg areal.
- Energi samla (olje, gass, vasskraft, vind og sol). Særleg ein regional plan som ser på potensialet for vasskraft. Det er også viktig å ta inn over seg at olje og gass kjem til å vera viktige energiberarar i fleire tiår endå.
- Leverandørindustrien sin lagnad i det komande hamskiftet. Vi reknar med det kjem inn under temaplan for grøn konkurransekraft, men det må nemnast.
- Potensial for desentralisering av offentlege oppgåver og tenester, gjerne som ein del av regional plan for senterstruktur.

ADMINISTRATIV STYRINGSGRUPPE: I denne er det tung representasjon frå offentlig sektor og frå sentrale stork. Me meiner det bør inn ein representant for regionråda/distrikta i denne gruppa. Mogleg Norsk Industri og burde vore inne, i tillegg til NHO.

HØYRINGSRUNDEN: Deltakarar i høyringane må inkludera ungdom, privat næringsliv, industri. Me erfarer i mange samanhengar at fylket no har eit regime som legg stor vekt på inkludering og dialog. Me meiner at det i planarbeidet bør skipast regionale dialog-/innspelsmøte der

- bedrifter
- næringssamanslutningar (næringshagar)
- interesseorganisasjonar
- regionråda
- vidaregåande skular får delta.

Me vil også presisera at det er viktig at ungdomsorganisasjonar og ungdomsråd vert inviterte inn i desse prosessane.

Kinsarvik 20.08.2020

Med fruktbar helsing
frå Hardangerrådet

Torgeir Næss
rådsordførar
Hardangerrådet iks signerar digitalt

Jostein Eitrheim
dagleg leiar